

Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Høyringsuttale – endring av privatskulelova.

Vi vil i vår høyringsuttale konsentrere oss om forslaget om å endre minste elevtal frå 15 – 30 elevar. (Punkt 10.5 Minste elevtall, privatskulelova §2-2 tredje ledd, i høyringsnotatet.) Vedrørande dei øvrige forslaga til endring i notatet, viser vi til Norsk Montessoriforbund sin høyringsuttale.

I privatskulelova pr. i dag, §2-2 tredje ledd heiter det:

«Dersom ein skole har ferre enn 15 skoleelevar i tre skoleår i samanheng, fell godkjenninga bort. For norske skolar i utlandet gjeld ei tilsvarande minimumsgrense på 10 elevar. Departementet kan i særskilde tilfelle gjere unntak frå minimumskrava til elevtal. Skolar som berre driv verksemd etter §2-1 bokstav g, er ikkje omfatta av minimumskrava til elevtal.»

Slik vi ser det må den nedre grensa for elevtal stå uendra. Det er fleire grunnar til dette som vi kjem tilbake til punktvis i vår uttale. Dei viktigaste argumenta er sikring av kvalitet i skulen, som vi meiner er godt ivaretatt med dagens elevtalsgrense. Kor mykje ein grendeskule har å seie for små bygdesamfunn og foreldra sin rett til valfridom jamfør FN-konvensjonen artikkel 13-3.

1. Kvalitet.

Ein sikrar ikkje kvaliteten på undervisninga til den enkelte elev ved å auke minste elevtal. Det må ein gjere på andre måtar. Vår erfaring er at små skular kan vere fullt på høgde med større skular når det gjeld fag. Ein mindre skule har større moglegheit for å tilretteleggje undervisninga for kvar enkelt elev. Det er lettare for dei vaksne ved skulen å sjå kvar enkelt elev sine behov. Miljøa ved skulen vert meir gjennomsluktige og ein kan difor raskare setje inn tiltak der ein ser det trengs. Mindre skular har også gode forutsetjingar for eit godt samarbeid mellom skule og heim.

2. Samfunn og nærmiljø

Utkant Norge med små øy- og bygdesamfunn er ofte avhengige av skulen sin for å kunne oppretthalde busetjing. Vi ser at dei bygdene/øyane som mister skulen sin i skulenedlegging, også mister sine innbyggere. Heile samfunn står i fare for å gå i oppløysing. Dei stadane der små samfunn kjempar for skulens eksistens, der er det få som vil etablere seg. Der skulen forsvinn, forsvinn også barnefamiliane. Der skulane blir redda, eller privatskular blir etablert, der etablerer også barnefamiliane seg og tilflyttinga aukar. Private skular skaper også arbeidsplasser i utkantstrøka. Noko som igjen fører til auka tilflytting. I desse samfunna kan ei endring på minste elevtal frå 15 – 30 vere katastrofal, ikkje berre for den enkelte skule, men for eit heilt samfunn. Etter fleire år med

usikkerheit rundt skulens eksistens vil ein nyetablert privatskule trenge fleire år på å etablere ei stabil elevmasse. Difor bør grensa på 15 elevar stå uendra.

Vi oppmodar departementet om å legge større vekt på nærmiljøperspektivet enn på elevtalet. Jf. *Barns rett til å gå på skule i nærmiljøet*. Borna bør få moglegheit til skulegang i eige nærmiljø. Dette for å styrke kjensla av å høyre til og for å få moglegheit til å lære eige nærmiljø å kjenne.

3. Foreldra sin rett til å velje skule.

Artikkel 13-3 i FN-konvensjonen står det:

«Konvensjonspartene forplikter seg til å respektere foreldres og, når det er aktuelt, vergers frihet til å velje andre skoler for sine barn enn dem som er opprettet av offentlige myndigheter, forutsatt at skolene oppfyller eventuelle minstekrav til undervisningen fastsatt eller godkjent av staten, og til å sikre sine barn en religiøs og moralsk undervisning i samsvar med deres egen overbevisning.»

FN'S barnekonvensjon slår fast foreldra sin rett til å velje skule for eigne born. Denne retten inkluderer religiøs -, pedagogisk retning, men også størrelsen på skulen. Dersom foreldra ynskjer at borna skal gå på ein liten skule bør dei ha eit reelt val også på dette området. Foreldra skal også ha ei reell valmoglegheit i eige nærmiljø, dette forutset at små grendeskular også i framtida har rett til å drive.

Det er ikkje reelt å drive ein grendeskule utan statsstøtte. Det vil gi ei altfor høg foreldrebetaling, og innskrenke valgfriheten til foreldra pga økonomi.

Forsking som har vore gjort på små og store skular er ikkje eintydig. Her må foreldra sjølv få gjere sitt val utifrå eiga overbevisning.

4. Økonomiske konsekvenser.

Den økonomiske handlefriheita til kommunene kan ikkje brukast som argument for å auke minste elevtal i private skular. Dette fell på si eiga urimlegheit då statstilskotet følgjer eleven anten han går i privat- eller offentleg skule.

Kommuneøkonomien kan ikkje vere ein avgjerande faktor for minstetalet i private skular. Private skular driv si virksomheit uavhengig av kommuneøkonomi. Og skal ha lik rett til å etablere seg over heile landet. Uavhengig av kommunane sin økonomi.

5. Konsekvenser for etablerte privatskular.

Lovforslaget vil ikkje berre gjere det vanskeleg for nye privatskular å etablere seg. Men vil også få store konsekvensar for etablerte skular med mindre enn 30 elevar. I tillegg vil dei skulane som er større enn 30 elevar miste mykje av nettverket sitt. Nettverket blant private skular er svært viktig for å oppretthalde god kvalitet i alle dei private skulane. Her delar skulane erfaringa som dei har innan alle delar av undervisninga.

6. Konsekvensar for skular i etableringsfasen.

Nyetablerte skuler vil trenge tid til å bygge seg opp. Dette bør det vere rom for i lova. Elevmassa til ein etablert skule vil også variere med varierende barnekull. Dette bør det også takast høgde for.

Små skular er viktige for mangfaldet i den norske skulen. Dei vil vere eit viktig supplement i samfunnet også i tida framover.

Vi ber difor om at minstekravet til elevtal i privatskulelova vert ståande uendra.

Med vennleg helsing

Hildre Montessoriskule SA

For styret Anita Hildre

-nestleiar-

Styreleiar Dagmund Hildre

Sekretær Nina Tomren

Rektor Erin Hildre

Styremedlem Bjørn Hellebust

Styremedlem Lena Ulvund